

<b>Sak</b>	<b>Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering</b>
<b>Høyringsinstans (svarar)</b>	Institutt for sosialfag og vernepleie - HiB
<b>Ev. prosess bak høyringsinnspelet</b>	Diskusjon i faggrupper og samla diskusjon i leiergruppa; Knut Simonsen, Gunnlaug Miljeteig, Olbjørg Skutle, Rita Agdal og Svanaug Fjær
<b>Innspel</b> <b>Bruk fleire sider om det trengs</b>	
<b>Kap 2</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Vi saknar ei tydelegare vektlegging av dei politiske føringane som er gitt dei siste åra, spesielt i Samspillmeldinga (Meld. St. 13 2011-12). Samspillmeldinga rettar seg mot velferdsutdanningane og stiller krav om intensivering av samspelet med omgjevnader, kvalitetssikring av praksisstudiar og krav om opplæring i tverrprofesjonell praksis mellom anna. Vidare vert dei sosialfaglege utdanningane (barnevern, vernepleie og sosionom) plassert innanfor eit felles fagområde, definert som det sosialfaglege fagområdet.</p> <p>Elles er kapittelet OK og interessant.</p>
<b>Kap 3</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Profesjonsmodellen er tilstrekkeleg forklart og ligg så tett opp til dagens modell at den er lett å forstå. Kunnskapsområdemodellen vert omtala meir positivt, men det vert ei utfordring å sjå korleis profesjonane skal ivaretakast på instituttnivå. Viser til figur 6 på side 21 der ein kommer med døme på instituttnamn. Det er ikkje openbart lett å sjå under kva institutt til døme vernepleiarutdanninga eller sosionomutdanninga skal ligge. Profesjonsmodellen verker meir realistisk og lettare å forhandle fram.</p> <p>Vi meiner at HVL må ha 3 fakultet og fakulteta bør ha om lag same storleik. Fakulteta bør vere tverrvitskaplege og vere organisert ut frå ein tydeleg tematisk logikk. For oss er det vesentleg at sosialfaga (med kring 1000 studentar) vert synleggjort i namn på fakultetet. Såleis, foreslår vi namnet Fakultet for helse, sosial og velferdsvitenskap. Dette vil kunne inkludera dei samfunnsvitskaplege disiplinfaga i eit slikt fakultet.</p>

<p><b>Kap 4</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Vi er einige i dei prinsipp som ligg til grunn for etablering av institutt. Det må avklarast kva som ligg i omgrepet «studentnære administrative funksjonar på instituttnivå». Vi meiner vidare at «BSV» utdanningane, master i samfunnsarbeid, master i psykisk helse og rusarbeid og vidareutdanning i familieterapi må etablerast som eit campusovergripande institutt.</p> <p>Utredninga har kome svært kort med tanke på å gjere prioriteringar mellom ulike modellar på nivå 3. Den har preg av presentasjon av «tusen blomster».</p> <p>Vi meiner det er uheldig med fristilte forskingssenter som ikkje har tydeleg forankring inn mot eit institutt med utdanningar. Om ein opnar for at enkelte miljø kan organiserast som ein School står ein i fare for etablering av former for «kvasifakultet». Her må det ryddast og gjerast prioriteringar.</p> <p>Vi meiner det er naudsynt med ein tydelegare organisasjonsprofil for nivå 3 for å styrke forskingsbasert undervisning, tydelege kvalifikasjonsløp frå bachelor til PhD og sikring av sterke forbindelsar på tvers. Større fleksibilitet i organisering kan vurderast på nivå 4.</p> <p><b>Phd</b> – alle fakultet ved HVL skal kunne vere vertskap for eit doktorgradsprogram ( s.24) Planane ved HiB er pr i dag 4 doktorgrader, 3 knytta til fakultet som er + 1 overgripande ( og desse planane er også drøfta med HiSF og HSH). Doktorgraden som er knytta til AHS er no innskrenka til ein helsefagleg doktorgrad. Dette er problematisk for forskingskvalifiseringa innanfor sosialfaga. Doktorgradsprogramma bør ha ei breidde som gir tilbod til det tverrvitskaplege feltet fakultetet representerer.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Vi foreslår at det i toppleiargruppen skal være direktørar med administrativt ansvar. Jamfør leiing alt.A.</p> <p>I blandingsmodellen er det foreslått at ein prodekan skal ha fagleg og administrativt ansvar for til døme forskning og undervisning. Dette vil bli eit omfattande ansvarsområde den som vert prodekan.</p> <p>I forhold til nivå tre er dei prinsippa som er foreslått til leiing på 3 tilnærma slik dei er i dag.</p> <p>I forhold til nivå 4 må det gå fram korleis utdanningane skal leiast på dei ulike campusar.</p>

<b>Andre merknader</b>	Korrekturfeil – antal studentar på Institutt for sosialfag og vernepleie, Vedlegg 2, s. 47-48: Det riktige talet er <b>513</b> .
------------------------	--

HØYRINGSINNSPEL